

## Liv Gjelsvik

---

**Fra:** FAU Alversund <fau.alversund@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 25. april 2019 20:56  
**Til:** Anita Wergeland Risa; Sondre Olsen; Sølvi Vetaas; Therese Braseth; Wilhelm Hansen Tvedt; Monica Vabø; Renate Westervik Alvestad; Astrid Bragstad; Arild Haukeland; Raymond Graff Langbraaten; Fred Schrøen Tofting; Morten Titland Blomberg; Renate Eknes; Gry Sander-Fjeld; Øyvind Seljelid; Lars-Fredrik Sæthre; Yngve Amundsen Høvig; Pia Wolff; Geir Bruland Tonning; Grethe Jørgensen; Oddvar Gald; Christin Brunborg; Unnhild Vassdal; Leif Bjørnar Hopland; Liv Gjelsvik; Monica Alice Svarstad  
**Emne:** Treng tilbakemelding på referat frå FAU møte i går, onsdag 24. april

Hei alle

Det hadde vore supert om de kan sjå gjennom referatet under og kommentere om det er noko eg manglar eller eg skal leggje til.

### **FAU MØTE ONSDAG 24. APRIL 2019**

Tilstades: Geir Tonning (6b og 3b), Oddvar Gald (7b vara), Grethe Jørgensen(7a), Morten Titland Blomberg (4b), Sølvi Vetås (1b), Lars-Fredrik Sætre (5b), Gry Sander-Fjeld (5a), Christin Brunborg (7c), Øyvind Seljelid (5a), Unnhild Vassdal (7d), Anita Wergeland Risa (1a), Astrid Bragstad (3a), Monica Alice Svarstad (rektor), Erlend Nævdal (2b)

Notater

### **NYTT FRÅ SKULEN**

- Ny skule:
  - Overtaking av ny skule er satt til årskiftet 2020 - 2021.
  - Status på arbeidet er at ein heldt på å forberede den nye veien og anleggsområdet.
  - Så snart veien byrjar å bli klar kjem ein til å starte arbeidet på sjølve skulen.
  - I mellomtida er det fokus på å sørge for at trafikksituasjonen er sikker for alle involverte.
- Nye inspektørar:
  - Det er no offentlig at Eirin Dyngen og Vibeke Samuelsen er ansatte som inspektørar på skulen. Det er tiltredelse i august.
- Elevundersøkinga.
  - Ved neste møte i Samarbeidsutvalget (SU) og Skulemiljøutvalget (SMU) vil ein mellom anna gå gjennom resultatet av elevundersøkinga.
- Ny e-læringsplattform
  - Canvas (den nye e-læringsplattformen som skal erstatte Itslearning) er i bruk i fleire ulike områder på skulen, men arbeidet med denne plattformen kjem til å få ordentlig fokus til hausten.
- Skulen si heimeside.
  - Dagens heimeside er ikkje særleg oppdatert, men det blir ikkje gjort noko med dagens heimeside før den nye Alver kommunen eksisterer.

### **PSYKOSOSIAL GRUPPE**

FAU har gjennom psykososial gruppe satt igang fleire initiativ for å føre ein del av det akkumulerte overskotet i FAU tilbake til skulen.

- Barnevakten.
  - Barnevakten er ein ideel stiftelse som gir råd om barn og trygg bruk av nye medier. Psykososial gruppe er ansvarlig for at vi i år køyrer opplæring på nettvett for 5, 6 og 7 klasse. Frå og med neste år kjem dette å bli ein av våre faste aktiviteter som vi kvart år køyrer for 5. klasse.

- Gjennomføring er satt til neste tysdag, 30. april og etter diskusjon med barnevakten blir alt gjennomført på ein dag. Skulen sender ut informasjon om initiativet i ein av dei nærmaste dagane.
- Nye leiker til bruk i friminutt og SFO.
  - FAU har bestilt og kjøpt ein mengde leiker slik som jojoer, utendørs sjakk, frisbeer med meir. Dette blir levert på skulen i desse dagar.
  - Skulen kjem til å informere om dette så snart vi har fått avklart kva FAU vil bidra med i forbindelse med den nye skulen.
- Vennskapsfrokost
  - Vi kjem til å arrangere vennskapsfrokosten i år som i fjor. Planlegginga av dette arrangementet set igang snart slik at vi er godt forberedt.

## BYGGRUPPE

- Ny skule:
  - Arbeidet har starta. Utbyggingsprosjektet har eit månadleg møte med skulen og FAU. Vi kan ha oppdatering i etterkant av status møte ein gang i måneden. Om foreldre har spørsmål om dette arbeidet kan dei kontakte rektor.
- Områdeplan:
  - FAU arbeider med alle lokale organisasjoner på eit skriv til kommunen som klargjer kva vi i Alver meiner bør skje som i nærmiljøet. Frist å sende det inn til kommunen er 15. mai.

## TRAFIKKGRUPPE

- Kampanje - "Aktiv skolevei"
  - ... startar i neste veke. Trafikk gruppa er i full gong med å ferdigstille dette arrangementet. Meir informasjon blir sendt ut til foreldre snart.
- Buss i rundkøyringa om morgonen.
  - Situasjonen har blitt litt bedre, men det er fortsatt opp til kvar enkel bussjåfør korleis situasjonen er kvar morgon.
  - Skulen fylgjer opp situasjonen heile tida.

## EVENTUELT

- Aktiv kvardag.
  - Ved førre møte blei det ytra ynskje om at vi i FAU kunne sjå på muligheten for å inspirere born og vaksne til å gå meir på tur til lokale vardar og toppar. Sidan den gong har applikasjonen Stolpejakten vorte veldig populær og vi vel å vente og sjå kor mykje vi skal engasjere oss til etter at vi effekten appen har i Alversund.
- Klassepengar
  - FAU har budsjettert at kvar klasse skal få tildelt middel frå FAU som støtte i deira årlege aktivitetar. Fram til no har prosessen vore slik at kvar enkelt klassekontakt må søke til FAU for desse midla. FAU bestemte i møtet at frå no deler FAU ut desse pengene automatisk ved skolestart. Kasserer tek tak i denne situasjonen for å sørge for at alle klasser i år får desse midla.
- 17 mai og retningslinjer for økonomisk styring
  - 17. mai komiteen har bedt om tilbakemelding fra FAU om fleire retningslinjer for økonomisk styring.
  - FAU si tilbakemelding er at 17. mai komiteen kvart år får mandat til å organisere 17. mai på best mogleg måte for heile bygda og på vegne av foreldrene i skulen.
  - Kvar 17. mai komitte har vore flinke til å skrive ned sine erfaringar som ein del av kunnskapsoverføring til neste år.
  - Fokuset har alltid vore på å ha eit arrangement som alle kan ha råd til å vere med på. Dette har dei og lykkas med.
  - Dei har lukkas med det til dei grader at FAU har vore i stand til å akkumulere eit godt overskot som vi no investerer tilbake til skulen.

- FAU forventar at ein pragmatisk justerer priser løpende dersom innkjøpsprisene endrer seg, men FAU er einige om at kostnadsnivået er på eit godt nivå i dag.
- Veret kan vi dessverre ikkje gjere noko med.

Mvh,  
Erlend Nævdal  
FAU Leiar, Alversund Skule  
47 90 66 63

